

Offentlege instansar og berørte partar

Dato: 11.09.2024

## Varsel om oppstart av planarbeid for detaljregulering for Gjølanger, planID 4646\_202401

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla om oppstart av detaljreguleringsplan for Gjølanger i Fjaler kommune. Registrerte grunneigarar, festarar og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet, samt naboar til planområdet og offentlege etatar, vert med dette varsla direkte. Sunnfjord storsmolt AS er tiltakshavarar, og Nordplan AS er utførande plankonsulent.



1 Oversiktskart som viser planområdet med raud nål

### Føremål med planarbeidet

Planområdet er lokalisert på Gjølanger i Fjaler kommune. Det er eit eksisterande ferskvassbasert smoltanlegg for Gjølanger Settefisk AS som har behov for utviding av drifta. Det er også behov for eit nytt sjøbasert smoltanlegg som er tenkt etablert ved Lyngneset. Formålet med planarbeidet er dermed å legge til rette for ny akvakultur med tilhøyrande infrastruktur ved Lyngneset, samt å utvide eksisterande akvakulturanlegg på Gjølanger. Solvikvegen og Gjølangervegen er inkludert i planavgrønsinga for å sikre tilkomst til tiltaksområda.


Påvekstanlegget ved Lyngneset er tenkt etablert som eit landbasert anlegg og ein vil legge til rette for dette ved utfylling i vika innanfor Lygnesholmane. Det kan vere aktuelt å nytte stadeigne massar til utfyllinga ved å sprengje ut skråninga nord for det planlagde anlegget.

22. august 2024 vart det gjennomført oppstartsmøte med representantar frå planavdelinga i Fjaler kommune, sjå referat vedlagt saka. Her vart det tilrådd oppstart av planarbeid.

### Planavgrensing

Planavgrensinga følg arealføremålsgrensa for VA10-14, samt nødvendig vegareal langs Solvikvegen og Gjølangervegen. Dette utgjer eit planområde på 207 daa. Planavgrensinga kan bli redusert gjennom planarbeidet.


Planarbeidet blir varsla med følgjande avgrensing:



2 Planavgrensing synt med svart stipla linjer.

## Gjeldande arealplanar

I kommuneplanen sin arealdel for Fjaler kommune 2024-2036 er planområdet avsett til akvakultur, med unntak av eit mindre areal avsett til LNF-føremål. Planområdet omfattar felt VA10-14. Planområdet omfattar også omsynssone for snøskred (H310), steinsprang (H310), høgspent (H370) og naturmiljø (H560). Sjå planinitiativet kapittel 1.4 for kart over planområdet med omsynssoner.



3 Planområdet vist med raud line i kommuneplanens arealdel.

## Krav om konsekvensutgreiing

Forskrift om konsekvensutredninger etter plan- og bygningsloven (FOR-2017-06-21-854) er gjennomgått og ein har vurdert at planforslaget medfører krav om konsekvensutgreiing, jf. § 8 første ledd, bokstav a. Planforslaget skal legge til rette for tiltak i vedlegg II pkt. 1 bokstav f) – akvakultur og det er sett krav om konsekvensutgreiing i føresegnene til KPA § 1.3. Sjå kapittel 1.8 i vedlagt planinitiativ for nærare vurdering av forskrift om konsekvensutredninger.

### Relevante tema for konsekvensutgreiing er:

- Landskapsbilete
- Naturmangfald på land og i sjø
- Avrenning og ureining

Det er ønskeleg at berørte myndigheiter, lag og organisasjonar, grunneigarar og andre aktuelle aktørar kjem med innspel til vurderinga av kva tema og utgreiingar som skal inkludrast i konsekvensutgreiinga ut frå sin kunnskap og kompetansefelt.

### Relevante tema for ROS-analyse er:

- Flaum og stormflo
- Havnivåstigning
- Skredhendingar, under dette snøskred og steinsprang/steinskred
- Brannfare
- Overvatn ved ekstremvêr

## Medverknad

Oppstart av planarbeidet blir kunngjort i avisa Firda 19. september 2024. Varslingsbrev blir sendt til aktuelle partar og offentlege instansar. Varslinga og ytterlegare informasjon om planen vert tilgjengeleg på Fjaler kommune og Nordplan sine nettsider.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege og kan sendast på følgjande måtar:

- på e-post til [ede@nordplan.no](mailto:ede@nordplan.no),
- ved brev til Nordplan AS avdeling Sunnfjord v/Elisabet Digernes Eikås, adresse Langebruvegen 9, Postb. 685, 6804 Førde.

**Frist for innspel er sett til: 20. oktober 2024.**

Kontaktperson for planarbeidet er


Elisabet Digernes Eikås  
[ede@nordplan.no](mailto:ede@nordplan.no)  
tlf: 416 95 037

## Vidare saksgang

Når fristen for å kome med innspel har gått ut, vil det bli utarbeidd eit komplett planforslag. Dette blir sendt til Fjaler kommune for sakshandsaming. Alle skriftlege innspel vil bli dokumentert, kommentert og vurdert i planarbeidet.

Etter første gongs handsaming i kommunen vil planforslaget bli lagt ut til offentlig ettersyn. Berørte partar og offentlege instansar blir varsla skriftleg, samt at det blir kunngjort avisa Firda og lagt ut på kommunen si nettside. Det vert på nytt anledning til å kome med innspel/merknadar til planframlegget før vidare politisk handsaming.

Med helsing  
for Nordplan AS



Elisabet Digernes Eikås

Vedlegg:

- Planinitiativ, 11.09.2024
- Møtereferat oppstartsmøte, xx.xx.xxxx
- Kunngjeringsannonse i Firda 19.09.24
- Planavgrensing, 04.09.2024